



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 31

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Verksemnda til NSB AS





DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 31

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Verksemda til NSB AS

Innhald

1	Innleiing og samandrag	5	5.2	Resultat for verksemdsområda for perioden 2008–2011	16
1.1	Bakgrunn	5		Samfunnsansvar	19
1.2	Grunnlag	6	5.3		
1.3	Samandrag	6			
			6	NSB sine planar for 2013–2017	20
2	Statens eigarskap i NSB	7		Konsernet	20
2.1	Forretningsmessige mål	7	6.1	Persontog	20
2.2	Transportpolitisk grunngiving for eigarskapen	7	6.2	Godstog	21
2.3	Samfunnsoppdraget til NSB	8	6.3	Buss	22
2.4	Nærmare om eigarstyringa av NSB	8	6.4	Eigedom	22
			6.5	Togvedlikehald	22
			6.6		
3	Marknad og rammevilkår	10	7	Vurderingar av økonomien til NSB i perioden 2013–2017 ...	23
3.1	Marknadsutviklinga i Noreg	10		Venta økonomisk utvikling	23
3.2	Marknadsutviklinga i Sverige	11	7.1	NSBs investeringsprogram	23
3.3	Rammevilkår	11	7.2	Avkastingsmål og verdiutvikling ..	24
			7.3		
4	Organisering av NSB	14	7.4	Utbyte og egenkapitaldel	26
5	Verksemda sidan førre stortingsmelding om NSB	16	Vedlegg		
5.1	Den samla økonomiske utviklinga i konsernet frå 2008 til 2011	16	1	NSBs § 10-plan 2013–2017	27



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 31

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Verksemnda til NSB AS

*Tilråding frå Samferselsdepartementet 26. april 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og samandrag

1.1 Bakgrunn

Regjeringa legg med dette fram ei stortingsmelding om verksemnda til NSB AS med dotterselskap. Formålet er å orientere Stortinget om utviklinga i selskapet og rammevilkåra etter førre stortingsmelding, orientere om planane til selskapet, presisere regjeringa sine transportpolitiske mål med eigarskapen, avklare kva forventingar regjeringa har til selskapet si økonomiske avkastning og gjere greie for utbyttepolitikken til regjeringa.

Den generelle transportpolitikken til regjeringa går fram av Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal transportplan, NTP. I stortingsmeldinga om NSB gir NTP og klimaforliket sentrale premisser. Regjeringa si satsing på infrastrukturen til jernbanen og offentleg kjøp av persontransport med tog er viktige transportpolitiske verkemiddel som er omtalt i meldinga, men som ikkje blir behandla i denne meldinga. Stortingsmeldinga om NSB er knytt til den statlege eigarskapen i selskapet.

Ordninga med å leggje fram ei stortingsmelding om NSB blei etablert i 1996, då forvaltingsbe-

drifta NSB blei delt i trafikkelskapet NSB BA og Jernbaneverket. I stortingsproposisjonen om endra tilknytingsform for trafikkdelen blei det lagt til grunn at det kvart andre år skulle leggjast fram ei melding om verksemnda til NSB for Stortinget. Denne ordninga blei vidareført etter at NSB blei aksjeselskap i 2002. Den førre stortingsmeldinga om NSB, St.meld. nr. 21 (2008–2009) Om virksomheten til NSB AS, blei lagd fram våren 2009. Her blei det foreslått at det for framtida normalt berre skulle leggjast fram éi melding per stortingsperiode, og at ein mellom stortingsmeldingane kunne gi annan nødvendig informasjon i samband med statsbudsjettet.

Regjeringa varslar i denne meldinga ingen vesentlege endringar i regjeringa sin politikk for eigarskapen i NSB. NSB-konsernet spelar ei viktig rolle i norsk samferdsel, og regjeringa ønskjer å bruke eigarskapen som ein del av transportpolitikken. Det er for tida ingen planar om å endre selskapsstrukturen eller innføre konkurranse på innlands persontrafikk med tog.

1.2 Grunnlag

Meldinga byggjer på NSB sine årsrapportar frå 2008 til 2011 og NSB sin strategiplan for perioden 2013–2017. Denne planen er ein rullerande femårsplan som skal leggjast fram for samferdselsministeren i samsvar med § 10 i vedtektene til selskapet («§ 10-planen»). § 10-planen ligg ved denne meldinga. Opplysningar som gjeld året 2012, blir i nokon grad nytta for å utfylle biletet.

Samferdselsdepartementet har engasjert Deloitte AS til å gjere ei verddivurdering av NSB. Denne vurderinga byggjer på NSB sine rekneskapar frå 2008 til 2011 og prognosar for 2012 til 2017. Verddivurderinga omfattar historisk analyse av og venta utvikling i marknadene konsernet opererer i, beskriving av utviklinga og resultatata til konsernet frå 2008 til 2011, vurdering av planar og prognosar fram til 2017, forslag til avkastingsmål, marknadsverddivurdering av konsernet og vurdering av kapitalsituasjonen.

1.3 Samandrag

Kapittel to omhandlar statleg eigarskap i NSB. Det blir trekt fram at hovudgrunngevinga for at staten eig NSB, er at staten gjennom eigarstyringa har eit verkemiddel for å nå dei transportpolitiske måla som Stortinget og regjeringa har sett. Samfunnsoppdraget til selskapet er å sørge for effektiv, tilgjengeleg, sikker og miljøvennleg transport av personar og gods. Kapitlet beskriv òg viktige element ved eigarstyringa.

Kapittel tre presenterer marknaden og rammevilkåra. Transportmarknaden for persontransport er i vekst, mens godstransportmarknaden på jernbane har hatt ei negativ utvikling dei siste åra. Trafikkavtalen med staten for 2012–2017 legg opp til at NSB Persontog tilbyr auka transportkapasitet i perioden. Overføring av driftsansvaret for godsterminalane til Jernbaneverket er venta å sikre like konkurransetilhøve på terminalane.

Kapittel fire omtaler organiseringa av NSB. NSB-konsernet er organisert med NSB AS som morselskap med persontogverksemd, konsernstab og fellestenester for konsernet. Dotterselskapa CargoNet, Nettbuss, Rom Eiendom og Mantena er ansvarlege for dei fire andre verksemdsområda til konsernet: gods, buss, eigedom og togvedlikehald.

Kapittel fem presenterer utviklinga i NSB i perioden 2008–2011. Konsernet hadde i perioden ein omsetningsvekst på 6,1 prosent per år og ei

gjennomsnittleg årleg avkasting på verdjustert eigenkapital på om lag 2 prosent per år. Persontogverksemda og godstransportverksemda hadde negative driftsresultat i perioden, mellom anna på grunn av dårleg pålitelegheit i infrastrukturen. Bussverksemda, eigedomsverksemda og vedlikehaldsverksemda hadde positive driftsresultat i perioden. Kapitlet gir også ein del opplysningar om året 2012.

Kapittel seks orienterer om planane til selskapet for 2013–2017, og korleis Samferdselsdepartementet vurderer dei. Samferdselsdepartementet støttar opp om NSB som eit breitt transportkonsern og meiner det er formålstenleg å halde fram med dei verksemdsområda konsernet har i dag. Regjeringa legg likevel vekt på at det primære målet til staten med eigarskapen i NSB er å sørge for eit velfungerande transporttilbod for personar og gods på jernbane i Noreg, og at andre aktivitetar i Noreg og utlandet må støtte dette målet. I perioden skal det skaffast fleire nye persontog for å auke kapasiteten og bidra til å handtere befolkningsveksten i dei største byane. CargoNet skal vidareførast som eit viktig selskap for gods på bane. For bussverksemda vil ein fokusere på lønnsemd i anbudskontraktar og på å utnytte moglege synergieffektar mellom buss og tog når det ikkje kjem i konflikt med konkurranselovgevinga, regelverket for offentlege anskaffingar og statsstøttereglane. I eigedomsverksemda blir det lagt større vekt på å behalde eigedommar, særleg eigedommar som er strategisk viktige, og som kan brukast til å støtte opp om transportverksemda til konsernet og annan kollektivtrafikk. Vedlikehaldsverksemda planlegg ein å vidareføre om lag på dagens nivå.

Kapittel sju omfattar vurderingar av økonomien til NSB for 2013–2017. Lønnsemda for NSB Persontog, CargoNet og Nettbuss er venta å bli betre. Lønnsemda for Rom Eiendom og Mantena er venta å vere stabil. NSB-konsernet planlegg å investere 16 milliardar kroner i perioden. Dersom desse investeringane skulle gjennomførast, ville eigenkapitaldelen bli redusert til om lag 28 prosent med dagens utbyttepolitikk. Tilrådd nivå for eigenkapitaldel er 30–35 prosent. Regjeringa held fast ved dagens utbyttepolitikk med å taka utbytte på 50 prosent av konsernresultatet etter skatt. Regjeringa legg til grunn at investeringane i NSB blir tilpassa slik at ein opprettheld ein eigenkapitaldel på 30–35 prosent samtidig som Regjeringas utbyttepolitikk blir gjennomført. Vidare meiner Regjeringa at investeringane må vere bedriftsøkonomisk lønnsame.

2 Statens eigarskap i NSB

2.1 Forretningsmessige mål

NSB er i Meld. St. 13 (2010–2011) Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi, som Nærings- og handelsdepartementet la fram, definert i statens selskapsportefølje som eit selskap med både forretningsmessige mål og andre spesifikke definerte mål. Konsernet driv i konkurranse på fleire verksemdsområde. Persontogverksemda konkurrerer i første rekkje mot andre transportmiddel og berre i svært liten grad mot andre togselskap. Dei andre togselskapa er Flytoget på strekninga Drammen–Gardermoen og det svenske SJ på strekninga Oslo–Kongsvinger. Godstransporten med tog er i sterk konkurranse både med andre togselskap og andre transportmiddel. Eignedomsverksemda og vedlikeholdsverksemda opererer både på den eksterne marknaden og internt, mens bussdrifta driv i konkurranse på lik linje med private busselskap. Interne leveransar mellom selskapa i konsernet skal skje på marknadsvilkår.

Staten ventar tilfredsstillande lønnsemd i statlege selskap som driv forretningsverksemd. Det blir sett avkastningsmål som er tilpassa dei bransjane selskapa driv i. Slik òg for NSB-konsernet. Samferdselsdepartementet set eit mål for avkastning på den marknadsverdivurderte eigenkapitalen i konsernet, basert på ei vekting av tilrådde mål for dei enkelte verksemdsområda. Dette blei sist gjort i den førre stortingsmeldinga om NSB, og det nye målet går fram av denne meldinga. For NSB er ein stor del av inntektene knytt til offentleg kjøp av persontransporttenester med tog. Ved avtalen om kjøp legg ein til grunn at det skal vere råd å oppnå normal fortjeneste på denne delen av verksemda.

2.2 Transportpolitisk grunngiving for eigarskapen

Hovudgrunngivinga for at staten skal eige NSB, er at staten gjennom eigarstyringa har eit verkemiddel for å nå dei transportpolitiske måla som Stortinget og regjeringa har sett, i tillegg til regu-

lering gjennom lover og forskrifter og kjøp av transporttenester. Sidan den transportpolitiske grunngivinga for eigarskapen er framtreddande, er forvaltninga av eigarskapen til NSB lagd til Samferdselsdepartementet.

Regjeringa sitt overordna mål for transportpolitikken, slik det er formulert i Nasjonal transportplan 2014–2023 er:

Å tilby et effektivt, tilgjengelig, sikkert og miljøvennlig transportsystem som dekker samfunnets behov for transport og fremmer regional utvikling.

Dette kjem til uttrykk i vedtektene til NSB på denne måten:

Selskapets samfunnsoppdrag er å sørge for effektiv, tilgjengelig, sikker og miljøvennlig transport av personer og gods.

Selskapet skal drive persontrafikk med tog i Norge, transport av personer og gods i Norge og øvrige nordiske land samt virksomhet som står i naturlig sammenheng med dette.

Virksomheten kan drives av selskapet selv, av heleide datterselskaper eller gjennom andre selskaper det har eierandeler i eller samarbeider med. Selskapet kan drive virksomhet i øvrige nordiske land i den grad det bidrar til å styrke selskapets konkurransevne på det norske markedet og/eller bidrar til å styrke selskapets evne til å løse de samfunnsmessige oppgavene som begrunner statens eierskap.

Transport er ein viktig føresetnad for eit velfungerande næringsliv og for velferda til folk. Transporttilbodet må dekkje både individuelle og samfunnsmessige behov og skal vere kostnadseffektivt for brukarane. Samtidig skal dei direkte og dei indirekte kostnadene samfunnet har som følgje av transportverksemda, vere så låge som mogleg.

Regjeringa meiner at persontransport og gods-transport med jernbane i mange tilfelle er eigna til å oppnå dei overordna måla i transportpolitikken som er presentert i NTP. Persontrafikken på jernbanen er særleg eigna til å ta store trafikkstrau-

mar på middels lange avstandar. Godstrafikken er særleg eigna til å ta store, regelmessige transportar over lange avstandar.

For å leggje til rette for jernbanetransport bruker staten årleg over 14 milliardar kroner til jernbaneinfrastruktur og offentleg kjøp av persontransport. Regjeringa er oppteken av at samfunnet skal få størst mogleg nytte av desse midlane. Det er derfor viktig at samspelet mellom NSB og Jernbaneverket er godt, slik at transportbehova blir dekte og infrastrukturen blir utnytta effektivt.

Gjennom eigarskapen til NSB sikrar staten seg at det er ein seriøs og langsiktig leverandør av togtransporttenester over heile landet. Jernbanetransport er karakterisert av store faste kostnader, og NSBs storleik og samanhengande rutetilbod for passasjerar og gods gir føremonar. At selskapet er statseigd, inneber også at ein ikkje risikerer sal til utlandet, med risiko for nedprioritering av den norske marknaden. Dette gjeld òg bussverksemda.

For eigedomsverksemda er det nær samanheng med jernbaneinfrastrukturen fordi eigedomene består av jernbanestasjonar og områder ved jernbanen. NSB-konsernet driver knutepunktsutvikling og fortetting som gir auka trafikkgrunnlag for toget og andre kollektivmiddel. Eigedomsverksemda er dessutan ein viktig inntektskjelde for NSB.

2.3 Samfunnsoppdraget til NSB

NSB skal bidra til at ein stor del av transportane skjer med kollektive transportmiddel. Staten betaler for at NSB skal utføre transportar som ikkje er bedriftsøkonomisk lønnsame, men selskapet har incentiv gjennom avtalen til å få fleire reisande gjennom å vidareutvikle transporttilbodet.

Samtidig skal NSB vareta samfunnet sitt behov for sikre og miljøvennlege transportar og redusere samfunnet sine vegtrafikk-kostnader.

Regjeringa føreset eit nært samarbeid med myndigheiter og andre aktørar, slik at transporttilbodet til NSB blir styrkt, ikkje minst ved å koordinere ruter og utvikle knutepunkt, stasjonar og godsterminalar.

2.4 Nærmare om eigarstyringa av NSB

Hovudprinsippet for eigarstyringa er at Samferdsdepartementet fastset dei overordna måla og rammene for selskapet og peiker ut konsernstyret. Konsernstyret er ansvarleg for verksemda i

morselskapet NSB AS og dotterselskapa og skal forvalte selskapet til beste for selskapet, staten som eigar og dei tilsette. Den formelle eigarstyringa skjer gjennom vedtektsutforming, val av styre og andre avgjerder på generalforsamlinga. Ein føreset likevel at styret òg følgjer opp forventingane som kjem fram i denne stortingsmeldinga og i Stortinget si behandling av henne og forventingane staten har som eigar til alle statselskapa.

Styret har som tidligare nemnt ei vedtektsbestemt plikt til årleg å leggje fram for samferdselsministeren ein strategiplan (§ 10-planen) til orientering. Styret har òg ein plikt til å leggje fram saker som antakast være av vesentleg samfunnsmessig eller prinsipiell betydning. Det gir samferdselsministeren ein sjanse til å leggje fram synet sitt før avgjerder er tekne.

Elles er det faste kontaktmøte mellom konsernleiinga og administrasjonen i Samferdsdepartementet for innbyrdes informasjonsutveksling om saker som kjem opp. Konsernleiinga rapporterer oppnådde resultat og legg fram prognosar. Ved avvik i forhold til mål gjer ein greie for eventuelle tiltak for å korrigere avvika.

Eigarstyringa skal vere i samsvar med eigarpolitikken til regjeringa slik han går fram av Meld. St. 13 (2010–2011). Andre viktige rammor for eigarstyringa er reglane om statsstøtte og OECD-reglane for god selskapsstyring. Både NSB med dotterselskap og eigarstyringa til departementet er underlagde forvaltingsrevisjon av Riksrevisjonen.

Samfunnsansvar

Regjeringa stiller krav til statlege selskap om at dei skal utvise samfunnsansvar som går ut over dei lovpålagde oppgåvene. NSB har som strategisk mål at verksemda til selskapet ikkje skal skade det ytre miljøet. Det blir arbeidd systematisk for å redusere utsleppa og energiforbruket og dreie forbruket av energi mot fornybare energikjelder. Det er gjort ein stor innsats både i togdrifta, bussdrifta, verkstadene og eigedomsverksemda gjennom opplæring, ombygging og nyan-skaffingar som både reduserer miljøbelastningane og betrar lønnsmda på lang sikt. Det blir kvart år avlagt ein samfunnsrekneskap som er tilgjengeleg på Internett-sidene til selskapet.

NSB har utarbeidd etiske retningslinjer, inkludert krav til leverandørar, og varslingsrutinar for kritikkverdige arbeidsforhold. For å sikre auka bevisstheit skal alle toppleiarane signere ei eigen-erklæring om arbeidet med etikk og samfunnsan-

svar i tillegg til oversikt over egne interesser i selskap med forretningsmessig relasjon til NSB.

Leiarlønnspolitik

Regjeringa er oppteken av at lønna til leiarane i statselskapa skal vere konkurransedyktig, men ikkje leiande. Det er forventa at selskapet bidreg til moderasjon i leiarlønningane. NSB utarbeider kvart år ei erklæring om leiarlønnspolitikken til selskapet som blir teken inn i årsrapporten og behandla på ordinær generalforsamling. Erklæringa inneheld retningslinjer for fastsetjing av lønn og andre godtgjersler til konsernsjefen og andre leiande tilsette for det kommande rekneskapsåret, og ei utgreiing om gjennomføringa av retningslinjene for det førre året.

Målbruk og offentlegheit

NSB har vedtektsbestemt at prinsippa i mållova § 8 skal følgjast ved kunderetta informasjon om persontransporttenestene som staten kjøper. Elles skal prinsippa i mållova følgjast så langt råd er, men likevel slik at det ikkje er til nemneverdig ulempe i forhold til private selskap.

NSB AS er i utgangspunktet omfatta av offentleglova, men det er gjort unntak for korrespondanse med dotterselskapa og korrespondanse med kundar. Korrespondansen med eigaren er offentleg, med dei unntaka som går fram av lova.

3 Marknad og rammevilkår

NSB har hovudverksemnda si i den norske marknaden, men er òg til stades i den svenske og danske marknaden. I 2011 var fordelinga mellom desse marknadene slik: 87 prosent av omsetninga i Noreg, 11 prosent i Sverige og 2 prosent i Danmark. NSB har verksemd innanfor fem verksemdsområde: persontog, buss, gods, eigedom og togvedlikehald. Persontogverksemnda, godsverksemnda og (tog)vedlikehaldsverksemnda blir driven i Noreg og Sverige, bussverksemnda i Noreg, Sverige og Danmark og eigedomsverksemnda i Noreg.

3.1 Marknadsutviklinga i Noreg

Totalmarknaden for persontransport i Noreg er i vekst. Frå 2000 til 2011 auka talet på reiser med 19 prosent til i underkant av 5,2 milliardar reiser årleg fordelt på alle transportmiddel – personbil, buss, ferje, tog og fly, jf. TØI-rapport 1227/2012. I personkilometer voks marknaden med 16 prosent i den same perioden. Deloitte estimerer at marknaden for persontransport kjem til å auke med 10 prosent frå 2011 til 2017 målt i reiser og i personkilometer. Faktorar som påverkar persontransportmarknaden er økonomisk vekst, befolkningsutvikling, urbanisering, tilgjengelegheit, reisetid, kapasitet og pris. Marknadsdelen for kollektivtransport har vore på om lag 12 prosent dei seinare åra.

Godstransportmarknaden har hatt ein auke frå 2000 til 2011 med 19 prosent målt i tonnkilometer, frå 28,4 milliardar tonnkilometer til 33,7 milliardar tonnkilometer. Men frå 2008 til 2011 har det vore ein nedgang i godstransporten på 8 prosent. Gods på veg hadde den største delen av marknaden i 2011 med 50 prosent av marknaden målt i tonnkilometer. Det er ein auke frå 2000 då veg hadde 46 prosent av marknaden. Marknadsdelen til sjøtransport har gått ned frå 48 prosent i 2000 til 42 prosent i 2011. Marknadsdelen til jernbane har gått noko opp frå 6,3 prosent i 2000 til 7,2 prosent i 2011. For lufttransport har marknadsdelen vore stabil på 0,1 prosent.


Persontransport på jernbane

Persontransport på jernbane har hatt ei positiv utvikling sidan 2003 målt i reiser og personkilometer (figur 3.1). Frå 2000 til 2011 har talet på reiser på jernbane auka med 16 prosent til litt under 60 millionar jernbanepassasjerar i 2011. Personkilometertalet har auka frå 2,7 milliardar i 2000 til 3 milliardar i 2011. Det har vore ein nedgang i personkilometer frå 2010, noko som tyder på at gjennomsnittslengda på togreiser er på veg ned. Marknadsdelen for persontransport på jernbane for heile landet var 3,8 prosent av talet på reiser og 4,8 prosent av personkilometertalet i 2011.

SSB sitt hovudalternativ for befolkningsutvikling viser at befolkningsveksten vil halde fram i ein god del år framover, for så å bli mindre. Det er venta at befolkninga vil nå seks millionar i 2029. Prognosane er svært usikre. Store delar av veksten er venta å komme i storbyregionane.


Godstransport på jernbane

Godstransport på jernbane har sett ein auke frå 2000 til 2011 på 76 prosent målt i TEU (eit mål basert på volumet til ein 20-fots konteinar) og 19 prosent målt i tonnkilometer (figur 3.2). Sidan 2009 har det vore ein fallande trend i TEU, som er eit relevant mål for NSB sidan hovuddelen av transportarbeidet til CargoNet er å frakte konteinarar og semitrailerar. Tonnkilometer er sterkt



Figur 3.1 Persontransport på jernbane

Kjelde: SSB



Figur 3.2 Godstransport på jernbane

Kjelde: SSB

påverka av malmtransporten på Ofotbanen, som CargoNet ikkje driv.

Det har vore ein nedgang i den samla gods-transporten i den norske marknaden dei siste åra. Nedgangen har vore større for gods på bane enn i marknaden elles på grunn av auka konkurransekraft frå vegtransport og manglande stabilitet i jernbaneinfrastrukturen. Dei tradisjonelle industrivarene har ikkje auka nemneverdig i omfang. Veksten dei siste åra har vore på varer med høg verdi, noko som gir høge kvalitetskrav til transporten og krav om rask og punktleg levering. Det har vore med på å styrkje konkurransekrafta til lastebilar.

Globaliseringa av produksjon og varetransport vil truleg halde fram med å vere ei sterk drivkraft dei kommande tiåra. Det vil føre til auka handel og transport over lengre avstandar. Norsk import og eksport er venta å auke med 35–40 prosent i tonnkilometer fram til 2040. Det er grunn til å vente at reallønnsveksten i befolkninga kjem til å auke krava til rettidige og sikre leveransar.

Busstransport

Buss er den mest brukte forma for kollektivtransport i Noreg med om lag 60 prosent av kollektivpassasjerane og om lag 50 prosent av produserte kollektivpassasjerkilometer i 2010. Bussmarknaden voks med om lag 8 prosent frå 2005 til 2010, målt i passasjerar, til om lag 350 millionar passasjerar. I passasjerkilometer voks bussmarknaden med om lag 4,5 prosent til 4,5 milliardar passasjerkilometer.

Eigedom

Etterspørselen etter bustader har vore høg de seinare år, noko som også ventes i åra framover. Høg

befolkningsvekst, god vekst i hushaldsinntektene og låge renter har bidrege til ein markert vekst i bustadprisane. Ein venter ein gradvis renteauke i åra framover som, saman med ei innstramming i utlånspolitikken vil kunne virke dempende på oppgangen i bustadprisane. I leigemarknaden for kontorlokale reknar ein med at prisane vil auke noko det første året på grunn av auka etterspørsel, for deretter å flate ut. Dette er serleg merkbar i Osloområdet, men kan også ses i resten av landet. I transaksjonsmarknaden for næringsareal har det i 2012 vore ein svak prisauke. Ein venter likevel utflating og priskorreksjon.

3.2 Marknadsutviklinga i Sverige

Sverige er den største kollektivtransportmarknaden målt i passasjerkilometer i Skandinavia. Persontransport på jernbane har størst kollektivmarknadsdel med 60 prosent av marknaden. Buss har om lag 38,5 prosent og ferje om lag 1,5 prosent av dei kollektivreisande i Sverige. Persontransport på jernbane har auka med om lag 4,3 prosent målt i passasjerkilometer frå 2005 til 2010. Buss har hatt ein tilbakegang på 0,5 prosent målt i passasjerkilometer frå 2005 til 2010. Sverige er òg den største marknaden for godstransport målt i tonnkilometer i Skandinavia. Godstransport på bane har ein marknadsdel på 36,5 prosent (2010), nest størst etter veg med 51 prosent.

3.3 Rammevilkår

Juridiske rammevilkår for NSB

Frå 2007 blei godstrafikk på jernbane liberalisert. Alle selskap som oppfyller fastsette tryggleiks-krav, kan operere på jernbanen. For tida har åtte godsselskap løyve til å køyre på det norske jernbanelinjet. Utanlandske persontogselskap har frå 1. januar 2010 rett til å gjennomføre grensekryssande trafikk. NSB har einerett på å køyre persontog i Noreg, med unntak av Gardermobanen, der Flytoget har fortrinnsrett.

30. januar 2013 blei EU-kommisjonen sitt forslag til Jernbanepakke IV offentleggjort. Der blir det gjort framlegg om at innanlands persontransport på bane skal liberaliserast innan desember 2019. Det blir òg foreslått at alt offentleg kjøp av persontransporttenester skal ut på anbod. Denne lovgivingspakken skal behandlast i EU-parlamentet og Rådet. Det er usikkert kor lang tid behandlinga vil ta, og kva som blir det endelege resultatet.

Lov og forskrift om universell utforming er viktige rammevilkår for persontransport på bane, bussverksemnda og eigedomsverksemnda i NSB. Universell utforming går ut på å leggje til rette slik at flest mogleg kan nytte funksjonen til verksemnda. Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova inneheld ei aktivitetsplikt til å fremje universell utforming innanfor verksemder som er retta mot allmenta, også når det gjeld eksisterande bygg og togmateriell, så lenge det ikkje er ei urimeleg byrde. Plan- og bygningslova og byggt teknisk forskrift inneheld krav til universell utforming ved nybygg. Tilrettelegging for universell utforming gir fleire høve til å nytte ei teneste og kan dermed bidra til ein større kundebase. Universell utforming gjer det òg enklare for alle å nytte tenesta, og kundane blir meir nøgde.

Utviklinga av infrastrukturen til jernbanen

Kapasitet og oppetid på jernbanenettet er avgjerande for persontransport og godstransport på jernbanen. Innanfor persontransport og godstransport har punktlegheita blitt mykje betre dei siste åra. I 2012 var gjennomsnittleg punktlegheit for alle persontog 91,2 prosent innanfor fire minutt for lokaltrafikk og seks minutt for fjerntog. Det er ei betring på om lag fem prosentpoeng frå 2010. Persontoga hadde i 2012 96,8 prosent punktlegheit innanfor ti minutt. Målingar for undervegs-punktlegheit ved Asker, Drammen, Ski, Lillestrøm og Oslo S for 2012 viser eit gjennomsnitt på 91,6 prosent. CargoNet hadde ei punktlegheit på 81 prosent i 2012, og ei leveringspunktlegheit på 91,1 prosent innanfor 15 minutt. Punktlegheit for godstog blir målt med ein margin på to minutt. Leveringspunktlegheit blir målt frå lossetidspunktet som kunden har fått, og til lasta er klar til å bli levert ut.

Prosjekt Oslo starta i 2009 og inneber ei full oppgradering av strekninga mellom Etterstad og Lysaker, som er den strekninga i landet med tettest trafikk. Dette prosjektet, saman med auka fokus på drift og vedlikehald og andre fornyingsprosjekt, har forbetra driftsstabiliteten i jernbanenettet kraftig. Første trinn av den nye grunnrute-modellen blei innført i desember 2012. Grunnrute-modellen vil vere fullført i desember 2014. Han vil gi fleire avgangar på ei rekkje strekningar, auke kapasiteten inn til Oslo og leggje til rette for betre overgang i knutepunkta gjennom jamn frekvens på faste minuttal. For å kunne auke frekvensen på toga er det ferdigstilt – og blir det stadig ferdigstilt – ei rekkje infrastrukturprosjekt.

I stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2014–2023 blir satsinga på drift, vedlikehald og nye investeringar på jernbanen vidareført.

Kjøp av persontransporttenester med jernbane frå NSB-konsernet

Staten ved Samferdselsdepartementet kjøper bedriftsøkonomisk ulønnsame persontransporttenester med tog. Målet med den offentlege tenesteplikta er å nytte eigenskapane til toget i samspel med andre transportformer for å dekkje persontransportbehovet til befolkninga og næringslivet. Den offentlege tenesteplikta skal leggje grunnlaget for eit konkurransedyktig togtilbod for pendlarar, bidra til at servicesentra blir tilgjengelege både i og utanom rushtida, og vere med på å binde regionane og landet saman. Togtilbodet skal vere påliteleg og opplevast som enkelt og saumlaust. Funksjonen til dei ulike togprodukta, lokaltog, regiontog m.fl. avgjer vektlegginga av delmåla nemnt over.

Den noverande trafikkavtalen mellom staten og NSB AS er ein seksårig avtale for perioden 1.1.2012 til 31.12.2017. Avtalen har ein total verdi på 15,4 milliardar kroner (2012-kroner) og sikrar togpassasjerane ei vidareføring av det eksisterande togtilbodet i store delar av landet i tillegg til eit betre tilbod i form av fleire avgangar og auka setekapasitet på Austlandet. Det blir reflektert gjennom den gradvise innføringa av ny grunnrute-modell på Austlandet i desember 2012 og 2014.

Gjøvikbanen blei sett ut på konkurranse i 2005. NSB Gjøvikbanen AS, eit dotterselskap av NSB, vann konkurransen og har tilbydd togtenester frå juni 2006. Trafikkavtalen med NSB Gjøvikbanen gjeld til juni 2016, med ein opsjon staten kan utløyse for ytterlegare to års drift.

Staten kjøper òg tenester på grenseoverskridande togtilbod til Sverige. På strekninga Karlstad–Kongsvinger kjøper staten frå Svenska Tågkompaniet AB, som er eit dotterselskap av NSB, i samarbeid med det svenske Trafikverket, Hedmark fylkeskommune og Värmlands län.

Rammevilkår for godstransport på jernbanen

Det er i all hovudsak inga køyrevegsavgift på det norske jernbanenettet med unntak av Gardermobanen, der både passasjer- og godstog betaler 17,50 kroner per togkilometer. Godstog med eit aksellast på over 25 tonn betaler køyrevegsavgift på 3,13 øre per tonnkilometer. Det gjeld først og fremst malmtransportane på Ofotbanen.

Godsterminalane blir i dag i all hovudsak drivne av CargoNet. Ganddal godsterminal er ein ny terminal som var ferdigstilt i 2008. Terminalen er det Jernbaneverket som eig, og han blir driven på anbod av Terminaldrift AS, eit dotterselskap av CargoNet AS. Regjeringa foreslår å leggje ansva-

ret for drifta av alle terminalane til Jernbaneverket. Ei slik løysing vil sikre like konkurransevilkår mellom selskapa på terminalane og dermed leggje til rette for betre konkurranseforhold i godstogbransjen.

4 Organisering av NSB

NSB AS er eit aksjeselskap som staten ved Samferdselsdepartementet eig fullt ut. NSB blei etablert i 1996 som eit selskap med avgrensa ansvar (BA) då forvaltingsbedrifta NSB blei delt i trafikk-selskapet NSB BA og infrastrukturforvaltaren Jernbaneverket. NSB blei omgjort til aksjeselskap i 2002 og blir i samsvar med aksjelova styrt som statsaksjeselskap. Samferdselsministeren er generalforsamlinga til NSB.

NSB-konsernet er organisert med NSB AS som morselskap med verksemdsområdet persontog, konsernstab og fellestenester for konsernet. NSB AS har 100 prosent eigarskap til dotterselskapa CargoNet AS, Nettbuss AS, Rom Eiendom AS og Mantena AS, som er ansvarlege for verksemdsområda til konsernet for høvesvis gods, buss, eigedom og togvedlikehald. Dotterselskapa har egne styre. Konsernleiinga består av konsernsjef, visekonsernsjef, direktør for økonomi og finans samt øvste leiar av dei fem verksemdsområda til NSB.

Finse Forsikring AS og NSB Trafikkservice AS reknast som støttfunksjonar. Finse Forsikring AS arbeider med NSB-konsernets risikohandtering. NSB Trafikkservice AS leverer reinhaldstenester på togmateriell til NSB Persontog. NSB Trafikkservice er 55 prosent eigd av NSB AS og 45 prosent eigd av ISS Facility Services AS. Selskapet har 220 tilsette.

Persontogverksemnda består av NSB Persontog, som inngår i NSB AS, og dotterselskapa Svenska Tågkompaniet AB som driv trafikk i Midt-Sverige og NSB Gjøvikbanen AS som trafikkerer Gjøvikbanen. Det blir årleg gjennomført 54 millionar reiser med NSB i Noreg. NSB AS har om lag 3300 tilsette i Noreg. Svenska Tågkompaniet har 325 tilsette, og NSB Gjøvikbanen har om lag 90 tilsette.

Bussverksemnda består av Nettbuss AS med dotterselskap som utfører busstransport i Noreg, Sverige og Danmark. Nettbuss har i den siste fireårsperioden kjøpt opp ei rekkje busselskap – det største av dei er bussverksemnda til Fjord1. Selskapet driv lokal og regional rutetrafikk på anbod frå fylkeskommunane, kommersielle ekspressbussruter og Team Verksted for intern og ekstern vedlikehaldsverksemd. I Noreg har selskapet aktivi-

tet over det meste av Midt- og Sør-Noreg. I Sverige har selskapet det meste av verksemnda si i Sørvest-Sverige, og i Danmark rundt København og i Ålborg-området. I 2012 hadde Nettbuss-konsernet 7800 tilsette. Av desse var 1084 tilsette i den svenske verksemnda og 495 i den danske.


CargoNet AS driv godsverksemnda til NSB. CargoNet er den største godstransportøren på jernbane i Noreg og tilbyr togpendlar i Noreg og til og frå utlandet for konteinarttransport. Selskapet tilbyr òg systemtog som er spesialtilpassa industri med store regelmessige transportvolum. Selskapet fraktar om lag 435 000 TEU per år i Noreg, noko som svarer til om lag 217 000 vogn-tog. Dotterselskapet CargoNet AB har avvikla innanriks transport i Sverige i eigen regi, men har 40 prosent eigarskap i Real Rail AB, som tilbyr godstransport i Sverige. CargoNet AB leiger ut vogner til Real Rail AB. CargoNet AS er frå 2010 eit 100 prosent NSB-eigd selskap etter at NSB AS kjøpte dei resterande 45 prosentane av aksjane frå det svenske selskapet Green Cargo AB. CargoNet har om lag 630 tilsette.

Det er Rom Eiendom AS som driv eigedomsverksemnda til NSB-konsernet. Selskapet eig og forvaltar om lag 2200 eigedommar til ein samla verdi av rundt 9 milliardar kroner. Eigedomsporteføljen er på 990 bygg, av desse er 330 jernbanestasjonar, med ein total bygningsmasse på om lag 720 000 kvadratmeter som blir forvalta, drifta og halde ved like i regi av selskapet. Publikumsareal på stasjonar blir leigd ut til Jernbaneverket for sjølvkost. Rom Eiendom har ein utviklingsportefølje med eit utbyggingspotensial på om lag to millionar kvadratmeter. Rom Eiendom har fokus på knutepunktsutvikling og fortetting av stasjonsområde og stasjonsnære område for å gi auka trafikkgrunnlag for toget og andre kollektivmiddel. Selskapet har 95 tilsette. Rom Eiendom har eigarpostar i ei rekkje selskap. Det største er Oslo S Utvikling AS, der Rom Eiendom, Linstow Eiendom og Entra Eiendom eig 1/3 kvar. Oslo S Utvikling utviklar og sel eigedommar i Bjørvika i Oslo.

Vedlikehaldsverksemnda til NSB-konsernet blir driven av Mantena AS. Hovuddelen av verksemnda til selskapet er vedlikehald av tog for NSB, Cargo-

Net, NSB Gjøvikbanen, Flytoget og Jernbaneverket. Dotterselskapet Mantena AB driv tilsvarende tenester i Sverige. Saman med det Hong Kong-baserte MTR eig Mantena selskapet Tunnelbanan Teknik Stockholm AB (TBT), som held toga på tunellbanen i Stockholm ved like. Mantenas dot-

terselskap Mitrans AS har utført ombyggingar og modifiseringar for togmateriell og vedlikehald av skinnegående anleggsmaskiner. Verksemnda i Mitrans AS ble overført til Mantena AS per 1.1.2013. Mantena-konsernet har om lag 1150 tilsette i Noreg og Sverige.



Figur 4.1 Organisasjonskart NSB-konsernet 2013

Kjelde: NSB

5 Verksemnda sidan førre stortingsmelding om NSB

5.1 Den samla økonomiske utviklinga i konsernet frå 2008 til 2011

Konsernet har i fireårsperioden sidan førre stortingsmelding, som tok utgangspunkt i rekneskapa for 2007, hatt ein gjennomsnittleg årleg omsetningsvekst på 6,1 prosent og ein gjennomsnittleg driftsmargin på 2,8 prosent. Begge delar er svakare enn i førre periode. Den bokførte eigenkapitalen i konsernet var i 2008 på 6 421 millionar kroner, mens han i 2011 var på 6 502 millionar kroner. Totalkapitalen til konsernet var 17 120 millionar kroner i 2008 og 20 001 millionar kroner i 2011.

I den førre stortingsmeldinga var avkastingsmålet for konsernet sett til 7,2 prosent av den *marknadsverdivurderte eigenkapitalen*, som var berekna til 12,9 milliardar kroner. Deloitte AS gjennomførte ei ny verdivurdering per 31.12.2011 og har analysert utviklinga fram til då. Den marknadsverdivurderte eigenkapitalen var då berekna til 13,3 milliardar kroner. I tillegg til verdiauken på om lag 400 millionar kroner i perioden er det utbetalt 735 millionar kroner i utbytte. Til saman svarer dette til ei gjennomsnittleg årleg avkastning på den verdijusterte eigenkapitalen på om lag 2 prosent.

Avkastinga reflekterer dels oppnådde resultat og verdien av investeringane som er gjorde, og dels venta framtidig inntening ut frå aktuelle planar og prognosar. Hovudårsakene til det svake resultatet i perioden 2008–2011 er at persontrafikkverksemnda med tog fekk eit høgare kostnadsnivå enn føresett då trafikkavtalen med Samferdselsdepartementet for 2007–2010 blei inngått i 2006. Godstrafikken har vore ramma av nedgang i omsetninga som følgje av finanskrisa, stengingar på grunn av feil ved infrastrukturen og auka konkurranse med vegtransport og nye togselskap. Nettbuss har hatt eit høgt investeringsnivå, blant anna som følgje av krav til investering i nye bussar i samband med anbod. Nettbuss sine resultat har vært preget av låga marginar som er gjennomgåande i bransjen. Egedomsverksemnda har gitt gode resultat. Prognosane framover vil bli drøfta i neste kapittel.

Regjeringa konstaterer at dei samla finansielle resultatata for konsernet i perioden 2008–2011 ikkje er tilfredsstillande samanlikna med avkastingsmålet som blei sett i samband med førre stortingsmelding. Resultata for persontogverksemnda er likevel klart forbetra i 2011, og tala for 2012 er svært gode. Det kjem ikkje minst av at offentleg kjøp auka med om lag 350 millionar kroner per år frå 2011. Godsverksemnda hadde eit botnår i 2011, men tala for 2012 viser at tiltak som CargoNet har sett i verk for å auke lønnsemnda, har hatt effekt. Meir punktlege tog har òg påverka resultatata positivt. Egedomsverksemnda hadde store salsgevinstar i 2012, og det medverkar vesentleg til det gode konsernresultatet. Resultata for dei enkelte verksemdsområda blir drøfta nedanfor.

5.2 Resultat for verksemdsområda for perioden 2008–2011

Persontogverksemnda

Persontogverksemnda omfattar verksemnda i NSB AS og dei heileigde dotterselskapa NSB Gjøvikbanen AS og Svenska Tågkompaniet AB.

Punktlegheit og nøgde kundar høyrer nøye saman. I perioden 2008–2010 var punktlegheita for persontog i Noreg (inkludert Flytoget) vesentleg under målet om 90 prosent punktlege tog, særleg som følgje av problem med infrastrukturen. Men i 2011 og 2012 er det registrert kraftige forbetringar. Desse åra var høvesvis 87,1 og 89,7 prosent av persontoga til NSB i rute. Betre vinterberedskap, fornying av Oslotunnelen og betre vedlikehaldsrutinar i NSB har bidrege til det. Kundetilfredsheitindeksen (KTI) steig frå 66 i 2010 til 68 i 2011 og 69 i 2012. Det viser at innsatsen til Jernbaneverket og NSB gir gode resultat, samtidig som det er rom for ytterlegare forbetringar.

Mellom 2008 og 2011 har NSB gjennomført viktige moderniseringsprogram for både lokaltog og langdistansemateriell. Frå 2011 starta leveransane av 50 togsett av typen FLIRT for kort- og mellombdistanse, ei investering på vel 4 milliardar kroner. Togsetta er gradvis sette inn i trafikk. Dei

Tabell 5.1 Nøkkeltal for NSB-konsernet.

NOK millionar	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Totale inntekter	8 634	9 168	9 994	10 329	10 917	11 179	12 328	13 780
<i>Vekst i prosent</i>		6,2	9,0	3,4	5,7	2,4	10,3	11,8
Driftsresultat	687	668	731	105	550	379	207	1 192
<i>Driftsmargin</i>	8,0	7,3	7,3	1,0	5,0	3,4	1,7	8,7
Årsresultat	442	511	545	3	311	254	-126	729
<i>Resultatmargin</i>	5,1	5,6	5,5	0	2,8	2,3	-1	5,3
Eigedelar	12 425	13 339	14 220	17 120	18 283	19 421	20 001	24 051
Renteberande gjeld	2 102	2 088	2 156	5 453	5 908	7 603	8 094	9 166
Eigenkapital	6 378	6 659	6 821	6 421	6 737	6 796	6 502	7 302
<i>EK-del</i>	51	50	48	38	37	35	33	30

nye togsetta vil delvis erstatte gammalt materiell og delvis gi auka kapasitet. Togsetta er ein føresetnad for å gjennomføre ny grunnrutemodell på Austlandet. NSB har i tillegg, etter tilsegn frå Samferdselsdepartementet om restverdigaranti, utløyst opsjon på ytterlegare 16 togsett, som vil bli leverte frå 2014.

Etter ein periode med god vekst frå 2003 til 2008 var trafikkvolumet, både målt i reisande og passasjerkilometer, om lag det same fram til 2011. Problem med infrastrukturen og toga vintrane 2009 og 2010, i tillegg til lange stengingsperiodar for å utbetre Oslotunnelen, er truleg viktige årsaker til dette. I 2012 auka trafikkvolumet med om lag 3 prosent samanlikna med 2011, til 54 milliardar personkilometer.

Då den førre stortingsmeldinga om NSB blei lagd fram, var det inngått avtale mellom staten og NSB om kjøp av persontrafikk med tog for perioden 2007–2010 for om lag 1,6 milliardar kroner per år. Denne avtalen viste seg å ikkje bidra nok til at persontrafikken for NSB AS blei lønnsam, mellom anna på grunn av uventa høgare personal-kostnader og vesentleg større kostnader knytte til alternativ transport ved avvik i togtrafikken enn dei førre åra.

Det blei inngått ein ettårskontrakt for 2011 som retta opp den skeive utviklinga. Offentleg kjøp auka frå om lag 1,6 milliardar til 2,1 milliardar kroner, noko som førte til at offentlig kjøp sin del av transportinntektene auka frå om lag 38 prosent til 45 prosent. I 2011 blei det inngått ein ny trafikkavtale for perioden 2012–2017 der avvik i venta utvikling delvis kan korrigerast begge vegar. For staten, både som eigar og kjøpar, er det viktig at avtalen er balansert og

føreseieleg, samtidig som han inneheld insentiv som stimulerer til både inntektsvekst og kostnadsdisiplin.

Dotterselskapet NSB Gjøvikbanen AS driv trafikken på Gjøvikbanen etter at selskapet vann anbuds konkurransen i 2005. Kundetilfredsheita er god. Det samla driftsresultatet i perioden 2008–2011 er -4,3 millionar kroner. Mellom anna har vognslitasjen vore større enn venta som følgje av problem med skinnegangen. Rekneskapan for 2012 viser likevel eit positivt resultat på om lag 1 million kroner.

Dotterselskapet Svenska Tågkompaniet AB hadde i same perioden eit samla resultat på -40 millionar kroner. Det var ikkje tilfredsstillande, men i 2012 blei det eit positivt resultat på 10 millionar kroner.

Det samla driftsresultatet i persontogverksemda i NSB-konsernet i perioden 2008–2011 blei -76 millionar kroner, som ikkje er tilfredsstillande. For 2012 var det samla driftsresultat for persontogverksemda 372 millionar kroner.

Godstransportverksemda

Godstransportverksemda omfattar CargoNet AS med dotterselskap. Fram til 2012 dreiv CargoNet transportar i eigen regi i Sverige gjennom dotterselskapet CargoNet AB. CargoNet AB leiger i dag ut vogner til det nyetablerte selskapet Real Rail AB, der CargoNet AB eig 40 prosent. Dotterselskapet Terminaldrift AS har frå 2008 drive godsterminalen på Ganddal ved Stavanger.

Det viktigaste tilbodet til CargoNet er transport av konteinrar og semitrailerar, og selskapet har om lag 90 prosent marknadsdel i Noreg av

slike jernbanetransportar. Talet på TEU (Twenty-foot equivalent unit) er derfor den mest relevante volumindikatoren. Volumet har gått ned frå 557 000 TEU i 2008 til 460 000 TEU i 2011, ein nedgang på 17,5 prosent. Årsakene er redusert etterspurnad som følge av finanskrisa, svekt tillit frå transportkjøparar grunna dårleg punktlegheit og regularitet, særleg på grunn av problem med infrastrukturen, og prispress frå lastebil. Med store faste kostnader slår inntektssvikt kraftig ut i lønnsmda for godstransport på jernbane. Det samla driftsresultatet for godsverksemda i perioden var -366 millionar kroner.

Driftsresultatet i 2011 var på -224 millionar kroner. I 2011 og 2012 tok ein kraftig grep for å betre økonomien i CargoNet med reduksjon av ulønnsame transporttilbod og avvikling av innanrikstrafikken i eige regi i Sverige. Det har òg ført til omstillingskostnader. Bortsett frå at Dovrebanen var stengd i nesten to månader i 2012 på grunn av ras, har det vore forbetringar i regularitet og punktlegheit for godstrafikken òg. I 2012 blei driftsresultatet på -70 millionar kroner. Det vil soleis vere nødvendig med ytterlegare tiltak. Eit dilemma er at politiske ønske om å halde oppe eit omfattande transporttilbod på jernbanen av omsyn til miljø og trafikktryggleik kan vere vanskelege å kombinere med behovet for ei tilfredsstillande bedriftsøkonomisk lønnsemd, gitt mellom anna den harde konkurransen som kjem frå vegtransporten. Ei av dei viktigaste statlege oppgåvene vil vere å sørge for at infrastrukturen gir grunnlag for ei lønnsam godstransportverksemd.

Bussverksemda

Nettbuss-konsernet driv busstrafikk i Noreg, Sverige og Danmark. Hovudaktiviteten er rutekøyring etter anbod for lokale og regionale myndigheter, mens ekspressbussruter på kommersielt grunnlag utgjør om lag 15 prosent av omsetninga. Nettbuss er det største busselskapet i Noreg med ein marknadsdel på vel 30 prosent.

Talet på reisande innanfor Nettbuss-konsernet i perioden 2008–2011 auka frå 104 til 126 millionar, det vil seie ein gjennomsnittleg auke på om lag 6 prosent per år. Tala reflekterer meir utviklinga av kontraktvolum og oppkjøp enn trafikkutviklinga i marknaden. Til samanlikning viser statistikken for den norske bussbransjen samla sett ein gjennomsnittleg årleg auke i passasjeretalet på om lag 1,5 prosent frå 2005 til 2010.

Kundetilfredsheita er svært høg. I 2011 var KTI 82 som eit snitt for selskapa i konsernet.

Ekspressbusskonseptet Bus4You oppnådde i 2012 ein score på heile 91.

Det samla driftsresultatet i bussverksemda i perioden 2008 til 2011 er 357 millionar kroner.

Totalkapitalen til Nettbuss-konsernet utgjorde per 31.12.2011 3,8 milliardar kroner. Eigenkapitaldelen var om lag 16 prosent. Den årlege avkastninga på totalkapitalen har vore låg. Samanlikna med andre større aktørar i den nordiske bussbransjen har både resultatgraden og omsetningsveksten vore god, men veksten har medført store investeringar i nye bussar finansierte med lån. Driftsresultatet i 2012 er likevel svekt som følge av nedskrivingar av goodwill og bussar og enda på -13 millionar kroner.

Eigedomsverksemda

Dotterselskapet Rom Eiendom AS forvaltar og utviklar eigedommane til NSB. Eigedommane blir brukte både finansielt og til å støtte trafikkverksemda, mellom anna ved knutepunktutvikling. Eigedommar som blir selde, vil normalt vere ferdig utvikla. Selskapet har interesser i ei rekkje heil- eller deleigde «Single Purpose»-selskap knytte til enkeltprosjekt. Oslo S Utvikling, som Rom Eiendom eig saman med Linstow Eiendom og Entra Eiendom med 1/3 kvar, har inngått avtale med DNB Liv om sal av eigedommar for 4,8 milliardar kroner.

På stasjonane eig Rom Eiendom vanlegvis bygningane, mens Jernbaneverket eig spor og plattformar og leiger offentlege areal av Rom Eiendom. På dei fleste større godsterminalane eig både Rom Eiendom og Jernbaneverket lastegater og spor. Samferdselsdepartementet vedtok i 2008 at ein skulle leggje opp til ein gradvis omlegging av både eigarskapen til og drifta av dei viktigaste godsterminalane. Vedtaket står framleis ved lag og inneber at der staten går inn med investeringsmiddel bør det, der dette vurderast som formålstentleg, bli ein direkte statleg eigarskap. Det er bestemt at Jernbaneverket skal overta areal frå Rom Eiendom i Narvik.

Hovuddelen av omsetninga til selskapet kan fordelast på utleige til andre selskap i NSB-konsernet, utleige til eksterne og resultat frå sal av eigedommar. Omsetninga steig frå 523 millionar kroner i 2008 til 797 millionar kroner i 2011. Samla driftsresultat i perioden 2008–2011 er 1 289 millionar kroner.

Den bokførte totalkapitalen til Rom Eiendom per 31.12.2011 var på 6,7 milliardar kroner, med ein eigenkapitaldel på om lag 17 prosent. Eigedomsmassen til selskapet blir vurdert av eksterne

kvart år, og nettoverdien på dette grunnlaget var estimert til å vere om lag 3 milliardar kroner høgare enn bokført. Eigedommane utgjer ein viktig del av NSB-konsernet sine aktiva. Frå 2012 er det innført nye rekneskapsprinsipp som inneber at investerings eigedommar blir bokførte til verkeleg verdi.

På grunn av høge inntekter frå sal av eigedommar i Bjørvika fekk eigedomsverksemda eit svært godt driftsresultat i 2012 på 877 millionar kroner.

Vedlikehaldsverksemda

Verkstadene i NSB-konsernet blir drivne av Mantena AS. Vedlikehald var tidlegare rekna som støtiefunksjon, men er frå 2012 definert som eige verksemdsområde. Hovuddelen av verksemda er togvedlikehald i Noreg for NSB-konsernet.

Omsetninga til Mantena AS med dotterselskap i Noreg og Sverige har vakse frå vel 1 milliard kroner i 2008 til vel 1,3 milliardar kroner i 2011. Selskapet har i perioden hatt eit samla driftsresultat på 54 millionar kroner.

5.3 Samfunnsansvar

Samfunnsoppdraget til NSB-konsernet er å skape verdiar for eigaren og samfunnet gjennom å sørge for effektiv, tilgjengeleg, sikker og miljøvennleg transport av personar og gods. I tillegg har konsernet eit samfunnsansvar som går ut over det som er lovpålagt. Ein skal unngå skadar på menneske og miljø. NSB-konsernet skal ha arbeidsplassar med lågt sjukefråvær, likestilling mellom kjønna og mangfald. Det skal vere eit høgt etisk nivå og tiltak mot korrupsjon. I tillegg til rapportar om økonomisk utvikling og trafikkutvikling utarbeider konsernet kvart år ein eigen samfunnsrekneskap.

Talet på tilsette auka i perioden 2008–2011 frå 11 324 til 12 840. Sjukefråværet i konsernet gjekk ned frå 8,7 prosent i 2008 til 7,7 prosent i 2011, omtrent på linje med transportbransjen elles.

Kvinnedelen har vore omtrent uendra dei siste fire åra. I NSB AS er han på 30 prosent, mens kvinnedelen av nyrekrutterte i NSB AS har variert mellom 37 prosent (2009) og 50 prosent (2011). Talet på medarbeidarar med innvandrarbakgrunn i NSB AS auka frå 4,4 prosent i 2008 til 6,9 prosent i 2011.

Trafikktryggleiken på norsk jernbane er generelt god. Likevel omkom i alt 20 personar i tilknytning til jernbanedrift i Noreg i åra 2008–2012. Ingen passasjerar eller tilsette omkom. Statistikken omfattar både persontrafikk og godstrafikk. Dei to alvorlegaste hendingane skjedde i 2010. Tre personar omkom og fire blei hardt skadde då ein vognstamme med tomme godsvogner trilla ukontrollert frå Alnabru til Sjursøya. Same året blei 40 passasjerar skadde, tre av dei alvorleg, då eit svensk tog i grenseoverskridande trafikk spora av på Skotterud. Ei anna alvorleg hending, utan personskadar, var då eit passasjertog køyrde inn i eit brennande snøoverbygg på Myrdal i 2011. To motorvognsett blei heilt øydelagde. NSB arbeider kontinuerleg med å halde oppe og forbetre tryggleiksnivået ut frå egne erfaringar og på bakgrunn av tilsyn og rapportar frå Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon for transport.

NSB sitt fremste bidrag for å betre det ytre miljøet er at transportverksemda med tog og buss i seg sjølv er mindre miljøskadeleg enn andre transportformer. NSB arbeider i tillegg for at både transportverksemda og andre konsernaktivitetar skal vere så miljøvennlege som mogleg. Sidan 2005 har NSB samarbeidd med Enova om ENØK-prosjekt som omfattar både energisparing og overgang til fornybare energikjelder. Forutan tekniske forbetringar og utskiftingar omfattar tiltaka program for energiøkonomisk køyrestil både i tog- og bussverksemda.

Rom Eiendom arbeider for meir miljøvennlege bygg og fekk i 2010 sertifisert nybygget til NSB sitt kompetansesenter på Sundland i Drammen til energiklasse A, det første i denne klassen i Noreg. Vidare er det eit mål at dei nye hovudkontora til NSB og Gjensidige Forsikring, som er under oppføring i Schweigaardsgate i Oslo, skal bli sertifiserte som «Excellent» etter den nye miljøsertifiseringsstandarden BREEAM.

Konsernet arbeider systematisk med å motarbeide korrupsjon og fremje etisk handel. Dei etiske retningslinjene til konsernet er tilgjengelege på Internett, det same gjeld dei etiske krava til leverandørane. NSB har innført formelle egenerklæringer for toppleiarane som mellom anna skal innehalde ei stadfesting på at dei innanfor eige ansvarsområde arbeider systematisk med å etterleve NSB-konsernet sine retningslinjer for etikk og samfunnsansvar.

6 NSB sine planar for 2013–2017

I den strategiske planen, som rullerer kvart år og blir lagd fram for samferdselsministeren i samsvar med § 10 i selskapsvedtektene, beskriv NSB planane til konsernet for dei kommande fem åra. § 10-planen er vedlagt denne stortingsmeldinga. I samband med arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP) 2014–2023 har NSB utarbeidd dokumentet «Oftere, raskere og mer miljøvennlig», som er eit innspel i arbeidet med NTP. I dette dokumentet viser NSB korleis toget kan vere ein del av løysinga på utfordringane som følgjer av ein venta stor befolkningsvekst i og omkring dei største byane i landet.

Regjeringa er einig med NSB i at tog gir størst nytte der det er store trafikkstraumar. Grensekostnadene er små når togtilbodet først er etablert. Det er størst miljøgevinst ved å satse på elektriske tog og der trafikantnyttan er størst. Derfor legg regjeringa i NTP opp til at jernbanen skal ha ei sentral rolle når det gjeld å forbetre tilbodet for arbeidsreiser i lokal- og regionaltrafikken rundt dei større byområda.

6.1 Konsernet

I samsvar med formålsparagrafen til NSB skal selskapet drive persontrafikk med tog i Noreg, transport av personar og gods i Noreg og andre nordiske land og verksemd som står i naturleg samanheng med dette. NSB legg i § 10-planen opp til å vidareføre konsernet med verksemdsområda persontrafikk og godstrafikk med jernbane, buss, eigedom og togvedlikehald. NSB vil framleis kunne vere ein leiande norsk aktør i transportmarknaden og eit alternativ til dei store internasjonale transportselskapa. Det vil særleg vere viktig ved ei eventuell liberalisering av persontransport med tog, i tillegg til buss. Det vil vere mogleg å utnytte kompetansen frå dei ulike verksemdsområda, ta ut stordriftsfordelar og spreie risikoen.

Regjeringas vurdering

Regjeringa støttar opp om NSB som eit breitt transportkonsern, men legg vekt på at det pri-

mære målet til staten er å sørge for eit velfungerande transporttilbod for personar og gods på jernbane i Noreg. Selskapet kan drive verksemd som står i naturleg samanheng med dette og som styrkjer dette tilbodet finansielt, kompetansesmessig eller på annan måte.

Innanfor dei rammene staten som eigar set, ventar regjeringa at alle einingar i konsernet arbeider for å innfri forventingane til kundane og drive kostnadseffektivt.

6.2 Persontog

NSB ønskjer å bidra til at kollektive transportmiddel skal ta auken i trafikkveksten i byområda. NSB reknar med at dette inneber behov for ein årleg trafikkvekst på om lag 3,5 prosent for persontrafikken på jernbanen, noko som vil krevje ein kraftig kapasitetsauke i materiellparken og i infrastrukturen.

Stortinget har dei seinare åra løyvd store beløp for å betre kapasiteten og kvaliteten i infrastrukturen på strekninga Asker-Lysaker og i Oslo-tunnelen. Det auka togtilbodet i desember 2012 og desember 2014 er gjort mogleg gjennom å skaffe 50 nye togsett til intercity-trafikken og lokaltrafikken i Oslo-området. Desse setta skal delvis erstatte gammalt materiell som blir utrangert, og delvis auke kapasiteten gjennom ein vesentleg større materiellpark. Ut over dette er det bestilt 16 nye lokaltogsett som skal leverast frå 2014. 14 av dei vil erstatte 30 år gamle togsett. Dei nye togsetta skal utstyrast med det nye signalsystemet ERTMS, som vil bli innført på det norske jernbanenettet. Togsetta vil mellom anna trafikere den austre linja på Østfoldbanen, som skal vere prøvestrekning for ERTMS-utbygginga. Anskaffinga av nye togsett skal harmonisere med føresetnadene i avtalane med Samferdselsdepartementet om offentleg kjøp. Staten har gitt NSB ein restverdigaranti som reduserer NSB sin risiko i samband med anskaffingane, sidan levetida til det rullande materiellet langt overstig lengda på den enkelte trafikkavtalen.

I § 10-planen og i innspelet til Nasjonal transportplan har NSB òg skissert behova for ytterlegare materiellanskaffingar. Desse vil vere avhengige av ambisjonane for offentleg kjøp etter 2017, når den noverande trafikkavtalen går ut, og av at ein rekkje infrastrukturprosjekt blir ferdigstilte. I tillegg kjem utskiftingsbehov som følgje av at materiellet når teknisk/økonomisk levealder. I planane ligg leveranse av 30 nye togsett frå 2018 og utover. Det vil krevje at finansiering og restverdisikring blir avklart mellom NSB og staten ved Samferdselsdepartementet. Investeringa i 30 togsett er berekna til 2,6 milliardar kroner.

Regjeringas vurdering

Som det går fram av NTP er regjeringa einig med NSB i at ein oppnår mykje samfunnsnytte ved å sørge for at mest mogleg av pendlartrafikken til og frå dei største byane blir avvikla med tog, og at selskapet må prioritere dette. Det er likevel òg selskapet si oppgåve å binde saman resten av landet på ein trygg og påliteleg måte med minst mogleg miljøbelastning. Regjeringa føreset at NSB har eit nært samarbeid med fylkeskommunane om ruteopplegg, takstar og knutepunkt. Eit betre samspel mellom tog og ekspressbussrutene til Nettbuss vil gjere kollektivtrafikken meir attraktiv og samtidig styrkje lønnsmda til NSB-konsernet. Men konkurranselovgivinga, reglane for offentlege anskaffingar og statstøttereglane set grenser for kva tiltak det er mogleg å gjennomføre.

Personotogverksemnda i Sverige (Svenska Tågkompaniet AB) skal støtte NSB finansielt og må forbetre resultatet. Tala frå 2012 indikerer at det vil kunne lykkast. Regjeringa legg elles til grunn at persontrafikkverksemnda skal drivast forretningsmessig, og at staten sitt bidrag skal vere langsiktige avtalar om offentlege kjøp, som føreset ei løpande effektivisering av drifta og betydeleg kostnadsdisiplin.

Regjeringa vil vidareføre NSB si rolle som det nasjonale jernbaneselskapet i landet. Det blir difor ikkje lagt opp til å innføre konkurranse for innlandsk persontrafikk no. Dersom det føreliggjande forslaget til Jernbanepakke 4 frå EU-kommisjonen skulle bli vedteke, ville det krevje at fri konkurranse blir innført seinast frå desember 2019. Forslaget legg vidare opp til at det heller ikkje vil bli tillate med direktetildeling av kontraktar om offentleg kjøp. Det er likevel høgst usikkert korleis det endelege direktivet kjem til å lyde, ettersom det er stor usemje blant medlemslanda. Regjeringa vil ta stilling til vidareføring av

konkurranse på Gjøvikbanen i god tid før kontrakten med NSB Gjøvikbanen AS går ut i 2016.

I januar 2013 blei det inngått ein avtale med Flytoget AS (som staten eig ved Nærings- og handelsdepartementet) som presiserer rettane og pliktene til selskapet i tråd med tidlegare stortingsvedtak og i samsvar med kollektivtrafikkforordninga til EU. Det inneber at NSB ikkje kan drive rein tilbringartransport til Oslo lufthamn Gardermoen, men at flyplassen kan betenast av NSB-tog som primært rettar seg mot andre reisande.

6.3 Godstog

CargoNet satsar primært på transport av konteinrar og semitrailerar mellom dei største norske byane, til Nord-Noreg og til og frå utlandet. I tillegg køyrer dei systemtog for treforedlingsindustrien og annan industri, og tanktog med flydrivstoff til Oslo lufthamn Gardermoen.

Utfordringa for selskapet er å få lønnsam drift i ein vanskeleg konkurransesituasjon. Den relative konkurransekrafta mot lastebiltrafikken er svekt som følgje av betre vegar og lågare prisar på lastebiltransport. I tillegg har det dei siste åra vore ei rekkje stengingar på jernbanen på grunn av feil i infrastrukturen, noko som har redusert inntektene til selskapet, auka kostnadene og svekt tilliten frå transportkjøparane.

Frå 2012 køyrer ikkje CargoNet interne svenske ruter. Dette og andre rasjonaliseringstiltak har gitt ei kraftig, men ikkje god nok resultatforbetring. Selskapet vil derfor måtte arbeide vidare med å tilpasse transporttilbodet, utnytte ressursane betre og få fleire lønsame kontraktar.

Regjeringas vurdering

Regjeringa ønskjer meir gods frå veg til bane og arbeider for å gjere infrastrukturen meir påliteleg og gjere det mogleg å køyre lengre tog. I NTP er det foreslått å sikre betre konkurranseforhold i godstogbransjen ved å leggje ansvaret for terminaldrift til Jernbaneverket. Før ein endeleg avgjer dette skal dei økonomiske konsekvensane ved at Jernbaneverket må kjøpe eller leige grunn og utstyr frå NSB avklarast.

Det er viktig for staten at CargoNet opererer i marknaden på lang sikt, då det truleg er vanskeleg for konkurrentane å etablere eit like omfattande godstogtilbod. Regjeringa støttar derfor tiltaka til selskapet som er eigna til å betre lønnsmda.

6.4 Buss

Nettbuss har i dag vel 30 prosent av den norske bussmarknaden. Det meste av lokaltrafikken er anbudsutsett, og resten kjem til å bli det i løpet av få år. Nettbuss har ikkje ambisjonar om å oppnå ein særleg større marknadssdel. Derimot har konsernleiinga opplyst at dei vil konsentrere seg om å vinne anbod på rutetraffikk som sikrar ei tilfredsstillande avkastning av investeringane og leveransar av god kvalitet. I Sverige og Danmark er det potensial for ein høgare marknadssdel, men også her er kravet til lønnsemd i kontraktane overordna. Ekspresbuss-strategien byggjer på ei satsing med Nettbuss som hovudvaremerke. Eit ledd i denne strategien er å gå ut av marknadssamarbeidet i NOR-WAY Bussekspress for å stå friare til å kunne utvikle eit attraktivt ekspresbussnett i Skandinavia.

Regjeringas vurdering

Regjeringa meiner at Nettbuss er ein viktig del av NSB-konsernet, men føreset at selskapet arbeider med å betre lønsemda. Heile bussbransjen er prega av låg lønnsemd, og det er ikkje haldbart på lengre sikt. Regjeringa ventar at det stillast større krav til lønnsemd ved anbodsinnlevering.

6.5 Eigedom

NSB sitt dotterselskap Rom Eiendom AS eig areal og bygningar i tilknytning til stasjonar og godsterminalar. Tyngdepunktet av eigedomsverksemda er knytt til dei største byane i Sør-Noreg. Strategiske eigedommar ønskjer ein å behalde til bruk for konsernet og til utleige til formål som støttar opp om transportverksemda til konsernet og annan kollektivtraffikk. Stasjonsområda blir utvikla vidare til knutepunkt med trafikkfunksjonar, butikkar, bustader og næringsareal. Det gir dei reisande ein enkel overgang mellom transportmidla og bidreg positivt til å utvikle sentrum på staden. Inntektene frå eigedomsverksemda styrker NSB-konsernet finansielt.

Regjeringas vurdering

Det er sentralt for regjeringa at eigedomsverksemda kompletterer utbygginga av jernbaneinfrastrukturen. Regjeringa meiner at eigedomsverksemda på ein bra måte bidreg til at NSB løyser

samfunnsoppdraget sitt, som er å sørge for effektiv, tilgjengeleg, sikker og miljøvennleg transport. Ei god sentrumsutvikling omkring stasjonane vil gi eit meir berekraftig samfunn fordi det reduserer det samla transportbehovet. Satsinga på miljøbygg trekkjer i same retninga. Gode knutepunkt er nødvendig for å gjere toget til eit attraktivt transportmiddel og er ein naturleg del av reisekjeda. At eigedomsverksemda gir NSB-konsernet ei tryggare økonomisk plattform, er viktig for staten som eigar.

Det er heilt nødvendig å tilpasse eigedomsverksemda til dei eksisterande og framtidige behova til jernbanedrifta. Det krev eit nært og konstruktivt samarbeid med Jernbaneverket. Regjeringa føreset at planar og tiltak skal avklarast mellom Rom Eiendom og Jernbaneverket før dei blir lagde fram for andre. Areal må utnyttast på ein måte som er til beste for passasjerane og godskundane. Så lenge det ikkje er aktuelt med fri konkurranse om innanlands persontraffikk, meiner regjeringa at det gir størst nytte å ha Rom Eiendom som eit dotterselskap i NSB-konsernet.

6.6 Togvedlikehald

Hovudtyngda av togvedlikehald er knytt til driftspausebasert vedlikehald. Nyare tog har gjerne noko lengre vedlikehaldsintervall, og vedlikehaldsomsfanget blir mindre når togparken blir fornya. På den andre sida blir togparken til NSB Persontog større, så det samla omsfanget blir ikkje vesentleg endra.

Det er òg ein interessant marknad utanfor landegrensene. Mantena er etablert med dotterselskap og eit deleigd selskap i Sverige som har vist seg å vere konkurransedyktig. Verksemda i Sverige har bidrege til kompetanseheving i dei norske verkstadene. Selskapet har planar om å delta i anbod i Sverige og Noreg, men NSB Persontog og CargoNet vil bli prioritert.

Regjeringas vurdering

Så lenge omsetninga frå eksterne kundar ikkje overstig 20 prosent av den samla omsetninga, er det ikkje nødvendig å setje NSBs kjøp av vedlikehaldstenester ut på anbod. Regjeringa meiner at dette har prinsipiell betydning, og krev å bli orienterte dersom det er sannsynleg at prosentdelen vil overstige 20.

7 Vurderingar av økonomien til NSB i perioden 2013–2017

7.1 Venta økonomisk utvikling

NSB har hatt ein gjennomsnittleg omsetningsvekst på 6,1 prosent i perioden 2008–2011, ei avkasting på verdivurdert eigenkapital på om lag 2 prosent og ei fallande lønnsemd med ein gjennomsnittleg driftsmargin på 2,8 prosent. Lønns- emda til konsernet er venta å betre seg.

Dei viktigaste bidraga til den venta resultatforbetringa er inntektsauke i NSB Persontog, auka leigeinntekter i Rom Eigedom og resultatforbetringar i Nettbuss og CargoNet. Resultatet før skatt per år er venta å gå frå om lag 400 millionar kroner i 2013 til meir enn 700 millionar kroner i 2017.

NSB Persontog er venta å betre lønns- emda som følgje av auka offentlege kjøp av persontransportte- nester, fleire passasjerar, reduserte kostnader rela- terte til driftsavbrot og kostnadseffektivisering i verksemnda. CargoNet er venta å oppnå ei lønns- emdsforbetring gjennom verksemdskonsolidering, betre driftsstabilitet på infrastrukturen og effektiv- ivering av den norske verksemnda. For NSB Person- tog og CargoNet er inntektsutviklinga i stor grad avhengig av standarden på jernbaneinfrastrukturen.

Nettbuss arbeider med å betre lønns- emda i kon- sernet. Inntektsutviklinga er avhengig av kva anbod på rutetraffikk ein vinn, og kva marginar som er lagde inn i anboda. Det er knytt betydeleg uvisse til volum- utvikling og resultat i perioden 2013–2017 på grunn av omfattande anbodusetting i perioden. Rom Eiend- om er venta å ha ei relativt stabil og god lønns- emd i planperioden knytt til sal av eigedom. Auka leigeinn- tekter vil også forbetre driftsresultatet. For Rom Eiend- om er marknaden for sal og utleige av eigedom viktig for inntekts- og resultatutviklinga. Det er venta at Mantena vil ha ei stabil lønns- emd som følgje av i hovudsak leveransar til NSB-konsernet.

7.2 NSBs investeringsprogram

Konsernets planer inneber investeringar på om lag 16 milliardar kroner i perioden 2013–2017. Investeringane overstig kontantstraumen i kon- sernet og fører til eit behov for å auke konsernets renteberande gjeld. Det medfører auka finansiell risiko. Dei største investeringane er planlagde for NSB Persontog, Nettbuss og Rom Eiendom.

Boks 7.1 Makroøkonomisk grunnlag

Ein risikofaktor som gjeld heile NSB-konsernet, er den generelle økonomiske konjunkturutvik- linga i Noreg og resten av verda. I Nasjonalbud- sjettet 2013 under «Hovedlinjer i den økono- miske politikken og utsiktene for norsk øko- nomi» peiker Finansdepartementet mellom anna på følgjande faktorar som viktige for norsk økonomi:

- Den vedvarande finansielle krisa i euroområ- det har i snart tre år forsterka dei negative etterverknadene av tilbakeslaget i 2008 og 2009.
- Låg økonomisk vekst og stor gjeld i EU-landa har svekt tilliten til statsfinansane i fleire land. Den europeiske sentralbanken klar- gjorde tidleg hausten 2012 kva han kan gjere

for å sikre eurosamarbeidet. Det har ført til lågare renter på spanske og italienske stats- lån.

- BNP hos handelspartnarane til Norge vil tru- leg vekse med 1,75 prosent i 2013. Den øko- nomiske veksten i OECD-landa er for låg til å auke sysselsetjinga i vesentleg grad, og berekningar viser at arbeidsløysa kjem til å halde seg høg. Situasjonen internasjonalt er skjør, og det er stor risiko for at det blir ei sva- kare utvikling enn det som er lagt til grunn.
- Sterk oppgang i etterspurnaden frå hushalda i Noreg og frå oljeverksemnda har bidrege til å auke veksten i norsk økonomi frå første halvår 2011 til første halvår 2012. Syssel- setjinga veks, og arbeidsløysa er låg.

Dei planlagde investeringane for NSB Person- tog i planperioden 2013 til 2017 er berekna til 5,8 milliardar kroner. Praktisk talt alle desse midla skal nyttast til offentleg kjøpt trafikk. Investeringsbeløpet inkluderer deler av betalinga for 50 nye lokaltog og regiontog som blir fasa inn i løpet av 2012 til 2014 med ei investeringsramme på totalt 4,2 milliardar kroner. 16 nye lokaltog blir kjøpte inn for innfasing i 2014 til 2015 med ei investeringsramme på 1,3 milliardar kroner. To av togsetta blir finansierte gjennom «75-øringen», som er avsett i eige fond frå Oslopakke 2-avtalen. I tillegg planlegg ein oppgradering av delar av den eksisterande togparken.

Ifølgje § 10-planen planlegg NSB Persontog å investere i ytterlegare 30 togsett til 2,6 milliardar kroner for innfasing frå 2018. Staten skal på eit seinare tidspunkt avgjere om dette vil bli naudsynt i samband med vurdering av eventuell søknad om restverdigaranti frå NSB og ny avtale om offentleg kjøp. Dersom desse 30 togsetta vert tinga, må NSB utbetala store delar av kjøpesummen i planperioden og dette er innarbeidd i investeringsoverslaget. Dersom talet på reisande auker meir enn venta kan behovet for fleire togsett bli høgare.

Nettbuss har eit høgt investeringsnivå som følgje av at bussbransjen er ein kapitalintensiv sektor. Ved nye anbod er det som regel krav om å kjøpe nye bussar. Anbodsperiodar som er kortare enn levetida til bussane, gjer at investeringsnivået i bransjen blir pressa opp. Dei årlege investeringane for Nettbuss vil avhenge av kva anbod som vinnast. I verddivurderinga er det lagt til grunn at Nettbuss gjevner anbodsutsette kontraktar, og investeringane vert anslått å ligge på mellom 700 millionar og 1 milliard kroner per år, til saman om lag 4,2 milliardar kroner i planperioden. Krav til høgare avkastning ved levering av anbod kan lede til færre kontraktar og lågare investeringsbehov.

Strategien til Rom Eiendom inneber auka aktivitet rundt stasjonsområda og på dei mest sentrale eigedommane til selskapet dei kommande åra. Dei årlege investeringane for Rom Eiendom er venta å ligge på mellom 800 millionar og 1,4 milliardar kroner, til saman om lag 5,6 milliardar kroner. Investeringane gjeld både eigedomar som skal nyttast i konsernet og eigedomar som skal utviklast for sal. Det vil være uvisse i framdrifta av prosjekta blant anna som følgje av marknadsutviklinga og reguleringsplanar.

For CargoNet og Mantena er det ikkje venta større investeringar. CargoNet vil i aukande grad nytte leide lokomotiv frå eksterne. Til saman utgjer planlagde investeringar for CargoNet og Mantena om lag 300 millionar kroner.

Samferdselsdepartementets merknader

Samferdselsdepartementet er opptatt av at NSB-konsernet skal arbeide for å oppfylle dei transportpolitiske måla som ligg til grunn for eigarskapen, jf. kapittel to. På same tid vert NSB styrt etter forretningsmessige mål som t.d. avkastningsmål. Dette er heilt naudsynt fordi NSB opererer i marknader i konkurranse med andre. Samferdselsdepartementet som eigar gjer til ein kvar tid vurderingar frå marknadsinvestorprinsippet, det vil seie at departementet vurderer om ein privat investor ville handla på ein samanliknbar måte med sikte på gevinst. Samferdselsdepartementet legg til grunn at investeringane blir tilpassa slik at ein opprettheld ein eigenkapitalandel på 30–35 prosent samtidig som Regjeringas utbyttepolitikk blir gjennomført. Samferdselsdepartementet legg føresetnadene i NTP om utvikling av togtilbodet til grunn.

7.3 Avkastingsmål og verdiutvikling

Samferdselsdepartementet forvaltar store verdier gjennom eigarskapen i NSB. I samsvar med Meld. St. 13 (2010–2011) Aktivt eierskap og statens økonomireglement blir det sett avkastingsmål for NSB som eit statleg eigd selskap. Konsernet har ansvar for å leggje til rette for ei langsiktig og solid verdiutvikling i NSB.

Verdivurdering av selskapet er viktig for å kunne estimere den gjennomsnittlege avkastinga over tid. For selskap som ikkje er børsnoterte, finst ikkje denne informasjonen i marknaden, og Meld. St. 13 (2010–2011) Aktivt eierskap slår fast at det derfor er viktig å gjere verdivurderingar, slik at staten som eigar skal kunne meine noko om den økonomiske utviklinga til selskapet. Deloitte AS gjorde ei verdivurdering av NSB per 31.12.2011 på oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Deloitte har i tillegg til verdivurderinga vurdert avkastingsmåla, inkludert eigenkapitalavkastingsmålet for selskapet.

Avkastingsmål

Avkastingsmåla reflekterer venta avkastning gitt den systematiske risikoen til selskapet og blir ofte berekna ved hjelp av kapitalverdimodellen, jf. Meld. St. 13 (2010–2011). Avkastingsmåla som staten set gjeld i utgangspunktet som eit gjennomsnitt for ein periode på tre til fem år og blir normalt reviderte kvart tredje til femte år.

For NSB blei avkastingsmålet i førre stortingsmelding om NSB, St.meld. nr. 21 (2008–2009), sett

til 7,2 prosent årleg avkastning av den marknadsverdivurderte eigenkapitalen. Deloitte foreslår, basert på bruk av kapitalverdimodellen, å revidere avkastingsmålet til 6,7 prosent årleg avkastning av den marknadsverdivurderte eigenkapitalen. Dette målet reflekterer utviklinga i den risikofrie renta frå førre verdivurdering i 2008, som har gått ned frå 4,6 prosent til 2,4 prosent. Målet reflekterer òg ein auke i risikotillegget for statens investering i NSB frå førre verdivurdering. Regjeringa sluttar seg til avkastingsmålet på 6,7 prosent. Samferdsdeparterementet vil i vurderinga av om den faktiske utviklinga i kommande fireårsperiode har vore i samsvar med avkastingsmåla til eigaren, ta omsyn til renteutviklinga i perioden.

Verdiutvikling

For verdivurderinga av NSB har Deloitte nytta tre ulike tilnæringsmetodar: relativ verdsetjing, inntenningsbasert verdsetjing (kontantstraummetoden) og balansebaserte metodar. Kvart dotterselskap er blitt verdsett separat. Verdien av NSB-konsernet er basert på summen av desse.

Relativ verdsetjing nyttar verdien til samanliknbare selskap der denne er kjend. Denne metoden er i stor grad nytta for Nettbuss og i nokon grad for CargoNet. Nettbuss budsjetterer med eit omfattande investeringsprogram der mykje av selskapsverdien ligg utanfor prognoseperioden, noko som gjer kontantstraummetoden mindre haldbar.

Kontantstraummetoden er basert på det framtidige inntenningspotensialet til verksemnda. Framtidig estimerte kontantstraumar blir diskonterte med eit berekna avkastingskrav. Denne metoden kan nyttast når det er utarbeidd pålitelege prognosar. Metoden er nytta for NSB Persontog fordi trafikkavtalen med staten gir føreseielege prognosar, og for fleire av dotterselskapa til NSB.

Balansebaserte metodar tek utgangspunkt i underliggjande verdiar av egedelane og finansieringa til selskapet. Føresetnaden for å kunne nytte metoden er at det finst ein tilnærma velfungerande marknad for egedelane til det vurderte selskapet. Rom Eiendom er vurdert etter denne metoden. Marknadsverdien av selskapet sin eigdomsportefølje og skatteplikta ved sal av eigdommar er grunnlaget for berekninga.

Ved den førre verdivurderinga blei konsernet verdsett til 12,9 milliardar kroner per 31.12.2007. Den noverande verdivurderinga har verdsett konsernet til 13,3 milliardar kroner per 31.12.2011. Eigenkapitalverdien har stige med 326 millionar kroner i perioden. Eigenkapitalverdien er selskapsverdien justert for konsernet si netto renteberande gjeld. NSB har i perioden betalt ut 735 millionar kroner i utbytte. Verdistinga på 1 061 millionar kroner svarer til ei årleg avkastning av verdivurdert eigenkapital på 2 prosent.

Konsernet har gått gjennom nokre større endringar sidan førre verdivurdering, jf. kapittel fire. NSB har kjøpt opp dei resterande 45 prosentane av CargoNet og eig no heile selskapet og Nettbuss har

Boks 7.2 Metode for å rekne ut avkastingsmål for NSB AS

Avkastingsmål blir berekna frå risikofri rente pluss ein risikopremie. Som risikofri rente blir det nytta norske statsobligasjonar med ti års løpetid. Fordi rentenivået er svært lågt i dag, er ti års statsobligasjon per 30.12.2011 brukt som utgangspunkt, med den historisk låge risikofrie renta på 2,4 prosent. Det gjer avkastingsmålet noko høgare enn om det blei teke utgangspunkt i dagens rente. Risikopremien blir berekna frå estimert marknadsavkastning for selskapet utover risikofri rente, multiplisert med ein estimert eigenkapitalbeta for selskapet. Marknadsavkastning minus risikofri rente blir kalla marknadspremie. Marknadspremien er det ein investor krev for å investere i aksjemarknaden, og varierer med den opplevde risikoen i marknaden. For NSB er det lagt til grunn ein marknadspremie på 6 prosent.

Kjelde: Deloitte

Eigenkapitalbetaen er eit mål på systematisk, ikkje-diversifiserbar risiko og oppgir den relative risikoen for ei marginal investering samanlikna med gjennomsnittet i marknaden. Eigenkapitalbetaen tek omsyn til kapitalstrukturen til selskapet fordi eit selskap med høgare gjeldsgrad vil ha høgare variasjon i inntening som påverkar risikoen for eigenkapitalinvesteringar. Det er berekna eigenkapitalbeta for kvart av dotterselskapa til NSB. Avkastingsmålet til NSB AS er basert på estimerte avkastingsmål for kvart av dotterselskapa, vekta med kvart dotterselskap sin relative del av den totale selskapsverdien til konsernet (eksklusiv verdi av støttefunksjonar).

gjennomført fleire oppkjøp. I perioden har det vore ein verdiauke for NSB Persontog, Rom Eiendom og støtrefunksjonar. CargoNet og Nettbuss har ein lågare selskapsverdi enn i 2008. Selskapsverdien til CargoNet har falle med om lag 50 prosent.

7.4 Utbyte og eigenkapitaldel

Som eigar gir staten uttrykk for synspunkt på og forventingar til utbytepolitikken til selskapet. I samsvar med Meld. St. 13 (2010–2011) Aktivt eierskap skal statens utbyteforventingar reflektere kva staten som eigar meiner er ein rett balanse mellom å ta ut utbyte og å tilbakehalde overskot for å nå målet om høgast mogleg verdiskaping over tid. Forventingane om utbyte som staten uttrykkjer overfor det enkelte selskap, skal vere føreseielege og normalt liggje fast over ein periode på fleire år. Generalforsamlinga i heileigde statlege selskap er ikkje bunden av styret sitt forslag om utdeling av utbyte.

I den førre stortingsmeldinga om NSB, St.meld. nr. 21 (2008–2009), blei det lagt til grunn ei forventning om 50 prosent utbyte som ein presentsats av årsresultat etter skatt på konsernnivå. Forventinga skulle sjåast i eit tre- til femårs perspektiv. Fastsetjinga av utbytet skulle likevel vurderast kvart enkelt år. KPMG AS, som gjorde verddivurderinga av NSB, tilrådde ein eigenkapitaldel på 35–40 prosent. Eigenkapitaldelen til NSB var 31.12.2008 37,5 prosent. I 2011 hadde eigenkapitaldelen falle til 32,5 prosent.

Det har gått fire år sidan førre stortingsmelding. Kapitalsituasjonen er endra og selskapet har nye planer for investeringar. NSB-konsernet endra med verknad frå 1. januar 2012 prinsippet for føring av pensjonsplikter ved at heile pensjonsplikta no blir reflektert i konsernet sin balanse med bruttotal. Det har isolert gitt ein reduksjon av eigenkapitalen. Vidare har konsernet endra rekneskapsprinsipp slik at ein viser investeringseigedommane til konsernet til verkeleg verdi. Det har isolert auka verdiane på eigedomsmassen. Dei to endringane har bidrege til ein reduksjon av den rapporterte bokførte eigenkapitaldelen til konsernet frå årsrekneskapan for 2011 frå 32,5 prosent til 30,4 prosent per 31.12.2012.

Deloitte har i verddivurderinga konkludert med at NSB-konsernet bør ha ein rentedekningsgrad på minst 3. Det svarer til ein eigenkapitaldel på

